

## **BRUKARUTVALET I HELSE MØRE OG ROMSDAL HF**

**Protokoll nr. 06/16**

**Møte 17.06.2016**

Tilstades:      X

**Medlemmer:**

- X Ingrid Løset, leiar
- X Ann Helene Skare, nestleiar
- X Atle Tangen
- X Hilde Marie Kleiven
- X Anne Grete Mogstad
- X Asbjørn Ringdal Gausdal
- Cato Johannessen (møtte ikkje)
- Inger Nossen Sandvik
- X Jakob Strand

**Varamedlemmer:**

- Daniel Ask
- Ann Elida Solheim
- Anton Iversen

**Administrasjonen:**

Administrerande direktør Espen Remme

**Andre:**

Peter Inge Østrem, Klinikk for drift og eigedom.

**Sekretariatet:**

Helse Møre og Romsdal HF v/Hilde Amundsen Flø.

Møtet i Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF vart halde på Ålesund sjukehus – Styrerommet kl. 10:00.

Ingrid Løset starta med å ønske alle velkommen.

Følgjande saker vart behandla:

**BU 2016/49 Godkjenning av innkalling og sakliste samt underskrift av protokoll nr. 05/16 fra møte 30.05.16.**

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkalling og sakliste til møte 17.06.16.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkallinga og saksliste til møtet 17.06.16.

Protokoll nr. 05/15 som vart godkjent i møte 30.05.16, vart underskriven av brukarrepresentantane.

**BU 2016/50 Orientering frå adm. direktør**

Innstilling:

Adm. direktør orienterte om følgjande:

- SNR – Viste til gjennomgang som skal leggast fram i styremøte 20.juni.
- styresak 2016-38 – Tiltaksoppfølging pr. 31. mai 2016 inklusiv Statusrapport – Kvalitet – Økonomi og aktivitet
- Utviklingplan – adm.dir vil legge fram ei sak til styret 31. august.
- Rapport – Utskrivingsklare pasientar
- Rapport – Akutte reinnleggelse
- Rapport – Ikkje møtt
- Sommarstenging – viste til nettsidene til HMR kor informasjon om dette ligg.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek orienteringa til vitande.

**BU 2016/51 Orienteringssaker**

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek orienteringssakane til vitande.

1. Rapport – Utskrivingsklare pasientar
2. Rapport – Akutte reinnleggelse
3. Rapport – Ikkje møtt

4. Rapport – meldte uønskte samhandlingshendingar fjerde kvartal 2015
5. Orientering frå Klinikk for Drift- og eigedom v/Peter Inge Østrem vedrørande status rundt lokaler for habilitering i Ålesund samt kiosktilbod Ålesund sjukehus
6. Orientering frå leiar og nestleiar etter møte med dei andre Brukarutvala i HMN

**Protokoll:**

2. Rapport – Akutte reinnleggelse
  - o Brukerutvalet ba om sammenlignbare tall fra andre HF til neste møte.
3. Rapport – Ikkje møtt
  - o Vedrørande gebyr for ikkje møtt, kjem ein tilbake til dettei neste møte.
1. Orientering frå Klinikk for Drift- og eigedom v/Peter Inge Østrem vedrørande status rundt lokaler for habilitering i Ålesund samt kiosktilbod Ålesund sjukehus

**Kioskdrift:**

BU er orientering om arbeidet om eventuelt omlegging/outsourcing av kioskdrifta og vil følgje med i arbeidet framover. BU har eigen brukarrepresentant i arbeidsgruppa (Daniel Ask). BU sender sine innspel via brukarrepresentanten.

**Lokaler for habilitering:**

BU var informert om lokala for habilitering for barn og unge. BU vil gjerne ha synfaring i noverande lokaler dersom mogleg. BU vil arbeide vidare med sakta etter denne synfaringa.

**Vedtak:**

1. Rapport – Akutte reinnleggelse
  - o Brukerutvalet ba om sammenlignbare tall fra andre HF til neste møte.
2. Rapport – Ikkje møtt
  - o Vedrørande gebyr for ikkje møtt, kjem ein tilbake til dette i neste møte.
3. Orientering frå Klinikk for Drift- og eigedom v/Peter Inge Østrem vedrørande status rundt lokaler for habilitering i Ålesund samt kiosktilbod Ålesund sjukehus

**Kioskdrift:**

BU er orientert om arbeidet om eventuelt omlegging/outsourcing av kioskdrifta og vil følgje med i arbeidet framover. BU har eigen brukarrepresentant i arbeidsgruppa (Daniel Ask). BU sender sine innspel via brukarrepresentanten.

***Lokaler for habilitering:***

BU vart informert om lokala for habilitering for barn og unge. BU vil gjerne ha synfaring i noverande lokalar dersom mogleg. BU vil arbeide vidare med saka etter denne synfaringa.

**BU 2016/52 Referatsaker**

Brukerstøtte Forskningsposten HMR

**Innstilling:**

Brukaturvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek referatssakane til vitande.

**Protokoll:**

Brukaturvalet støtter arbeidet og ser seg glad for initiativ til prosjektarbeid innan forsking. Forskingssjef vil gjerne ha møte med leiar, nestleiar og brukarrepresentanten vedrørende vidare arbeid med forsking i HMR.

**Vedtak:**

Brukaturvalet støtter arbeidet og ser seg glad for initiativ til prosjektarbeid innan forsking.

Brukaturvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek referatssaka til vitande.

**BU 2016/53 Tiltaksoppfølging pr 31. mai 2016 inklusiv Statusrapport – Kvalitet – Økonomi og aktivitet (styresak 2016/38)****Innstilling:**

Vedlagt følgjer styresak 2016/38 – Statusrapport 1. tertial 2016 – Kvalitet – Økonomi og aktivitet.

Styret skal behandle saka i styremøte 20.06.2016.

**Protokoll:**

1. BU seier seg glad for at det i statusrapporten pr. 31. mai 2016 er betring på fleire punkt, til dømes fristbrot, ventetid og anna.
2. BU er framleis uroa over den svært anstrengte økonomien og ser at helseføretaket er heilt avhengig av å snu denne utviklinga for å utvikle framtidige gode pasienttilbod.
3. BU støtter det langsigkige arbeidet adm.dir har sett i verk for å nå måla gjennom å bygge ein felles kultur og styrke leiarskap for å møte utfordringane framover.

**Vedtak:**

1. BU seier seg glad for at det i statusrapporten pr. 31. mai 2016 er betring på fleire punkt, til dømes fristbrot og ventetid.

2. BU er framleis uroa over den svært anstrengte økonomien og ser at helseføretaket er heilt avhengig av å snu denne utviklinga for å utvikle framtidige gode pasienttilbod.
3. BU støtter det langsiktige arbeidet adm.dir har sett i verk for å nå måla gjennom å bygge ein felles kultur og styrke leiarskap for å møte utfordringane framover. BU forventar å bli informert fortløpende om resultat av dette arbeidet.
4. Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek saka til vitande.

#### **BU 2016/54 Oppnemning av brukarrepresentant – Sårkornemnda – FOU avdelinga HMR**

Innstilling:

Brukarutvalet foreslår at Daniel Ask vert oppnemnt som brukarrepresentant i Sårkornnemnda – FOU avdelinga HMR.

Vedtak:

Brukarutvalet vedtok einstemmig at Daniel Ask vert oppnemnt som brukarrepresentant i Sårkornnemnda – FOU avdelinga HMR.

#### **BU 2016/55 Eventuelt**

**Flytting av busstopp v/Ålesund sjukehus.**

- Brukerutvalet er kjent med at det er planer om å flytte busstopp frå sjukehuset i Ålesund til E-136.

BU vil gjerne få orientering om kor langt desse planane er kome og få denne orienteringa på BU sitt møte i august.

**Styreseminar august**

- Ann Helene Skare og Ingrid Løset deltek på styreseminaret/styremøte 30. og 31. august.

**Styremøte september**

- Ingrid Løset og Hilde Marie Kleiven deltek på styremøtet 28. september

**Innspill på tema til Regional brukerkonferanse 3. og 4 november**

- strategi 2030
- prioritiseringsutvalget sitt arbeid
- handtering av ventelister

**Klage på pasienttransport**

Brukerutvalet har igjen sett på saka i dag og arbeidsgruppa v/leiar Asbjørn Gausdal for BU arbeider vidare og vil komme med innspel til anbudsrunde til Helse Midt-Norge.

**SNR**

BU har fått orientering om status i arbeidet for SNR v/Ann Helen Skare og Atle Tangen. BU vil understreke viktigheita med areal for opplæring av pasientar og pårørande og vil minne om at opplæring av pasientar og pårørande er ei av fire hovudoppgåvane til helseføretaket.

#### **BU 2016/56 Godkjenning av protokoll nr. 06/16 frå møte 17.06.2016**

Innstilling:

Brukaretvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 06/16 frå møte 17.06.2016.

Vedtak:

Brukaretvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 06/16 frå møte 17.06.2016

Møtet slutt kl. 14:00

Ingrid Løset

Ann Helene Skare

Inger Nossen Sandvik

Jakob Strand

Atle Tangen

Daniel Ask

Anne Grete Mogstad

Ann Elida Solheim